


BOKN BYGDABLAD

Nr 10 Desember 2004 - Årg. 19



www.bygdabladet.no



MOT – s. 3



Avslappande – s. 8



Julemiddag – s. 11



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn



Kjære lesar!

Forslaget frå rådmannen i midten av november om nedlegging av bladet handla mest om prioritering av kulturarbeid i underteikna si stilling, og ikkje pengar - for drifta av Bygdabladet går omtrent i balanse. At nedlegging ikkje var tema under den politiske handsaminga av budsjettet tar eg som eit teikn på at arbeid for trivsel, identitet og marknadsføring av Bokn er ein viktig del av jobben min.

I oktober neste år er det 20 år sidan det første prøvenummeret av Bygdabladet kom ut, det andre prøvenummeret kom i desember 1985. Fokuseringa på 20 års jubiléet vil dermed byrja til hausten neste år, og det offisielle jubiléet vil bli i 2006. Me har tidlegare, ved ulike høve, varsla at markeringa ville starta på nyåret 2005, men dette blir då feil. Ikkje alltid like greit å ha full kontroll på jubilèa.

Rutiner

Underteikna har lagt vekt på fornying og utvikling av bladet heilt sidan eg tok over redaktørjobben i april 1997. Til det arbeidet høyrer m.a. faste rutiner, i nokre tilfelle er dette lett å få til - i andre tar det lenger tid.

Då gjer det vondt å lesa om personar som føler seg urettferdig behandla pga. ein rutine som ikkje var kommen på plass, slik som t.d. i lesarinnlegget til Odd A. Olsen i septemberutgåva.

Når eg blar tilbake til den tida Karin Svendsen gjekk av med pensjon i kommunen- og endå lenger, finn eg ut at slik heideromtale var sporadisk på den tida og det er først dei siste åra dette har blitt rutine.

Reaksjonen er sjølvsagt fullt forståeleg, og det er uforståeleg at markeringa av den siste arbeidsdagen hennar, etter heile 23 år, ikkje kom med i bladet. Årsaka må rett og slett vera at det blei gløymt. Dette er beklageleg, og det er viktig å påpeika at dette var ein glipp - Karins framifrå innsats skulle selvfølgelig hatt stor omtale i Bygdabladet.

Noko av det me har skrive om i 2004

I den fyrste utgåva kunne me presentera eit rykande ferskt treningsstudio i kjellaren på klubbhuset til Idrettslaget, der garderobane faktisk er ferdige i denne månaden. Det er gleden at rommet blir mykje brukt, noko Bygdabladet vil koma tilbake til på nyåret.

Musikk- og kulturskulen organiserte Dans & Drama med Wendy Riber, med eit vårshow både i Bokn og på Sjonar i slutten av april - starten på ein epoke med dansegilde boknarar, sjå siste side.

Kommuneplankonferansane i februar og mars der nye satsingområde for Bokn blei foreslått, og som skulle danna grunnlaget for diskusjon om ny handlingsplan fram til 2007, fekk mykje spalteplass i bladet.

20. februar var opninga av ni nye omsorgsbustader og 1. mars var det klart for nysatsing på Ognøy då Erik Eikje offisielt opna eit moderne sauefjøs.

Det kom både positivt og negativt nytt frå Knarholmen i vår. Båtforeninga sitt flytebryggeanlegg i fiskerihamna var rett nok ferdig i oktober i fjor, men anlegget med plass til 13 båtar blei omtalt i

marsutgåva i år.

Det negative var at me i aprilnummeret kunne skriva at Bokn fiskemottak AS var slått konkurs.

Ordet fritt

Det ser ikkje ut som framtidas kommunestruktur er det heilt store debatteringsstemaet. Både ordførar og rådmann har fleire gonger i år orientert om temaet og underteikna har oppfordra til meining-sytringar i bladet, gjerne i ein provoserande tone, som t.d. forrige nummers fokusering på nettutgåva sine meningsmålingar, sjå lesarinnlegg inne i bladet.

Musikkorpset feira sine 40 år i kommunen med ei stor og minnerik jubileumshelg 29. og 30. mai, og junior- og vaksenkorps tok att namna Bokn skulekorps og Bokn brass.

I mai kunne me også melda om at telefonsentralen skulle oppgraderast til breiband-standard, og i midten av juli kunne dei fyrste abonnentane i kommunen få ADSL.

På Arsvågen var det nyopning med ombygging av lokala i fyrste etasje, nesten eitt år etter brannen.

Ladies Circle, damene som jobbar utan løn, men med hjartet, stod for eit internasjonalt besøk i juni. Ordføraren var der også og fekk m.a. marknadsført kommunen. Bygdabladet presenterte eit bilde av gjengen på kaien i Krogjen.

Sjøhuset fekk saman med 1. etasje på Arsvågen løyve til å servera øl og vin ute.

Me publiserte også at Meisane frå Bokn gjekk til topps i krinsbannerkonkurransen til Noregs KFUK-KFUM speidarane på Haugalandet.

Det nyttar

Artikkelen om farleg avfall utan tilsyn på miljøstasjonen i juni var sannsynlegvis med og førte til ei plettfri levering av slikt avfall i oktober. La oss håpa at det blir slik neste gong også.

I haustsemesteret blei Bygdabladet med på fokuseringsbølga om "barn i dårleg fysisk form på Bokn?" og fokus på fysisk aktivitet. Me byrja med meir sport i bladet, og då spesielt fotball - med tre aldersbestemte boknalag.

Seriar er ofte populære og i september var det klart for "Kor blei dei av?" Her kan mykje skrivast, av ulike skribentar, og serien vil sjølvsagt halda fram i 2005.

Oktober viste oss at det er mykje hjarterom i Bokn. Kommunen gjekk heilt til topps i Rogaland under TV-aksjonen 17.10 og tok frå Utsira "vandrepokalen", så får me sjå neste år...

Takk til redaksjon, bygdabladnemnd og alle andre bidragsytarar i 2004!

Eg håpar du finn mykje interessant i dette bladet også, og ynskjer deg ei roleg og god jul og eit riktig godt nytt år med Bygdabladet!

- redaktøren -





RDFØRAREN RDET

Hei!

Det er ein svært bekymra ordførar som nå skal referera frå budsjettmøtet i kommunestyret.

Rådmannen hadde lagt fram eit budsjett som var svært stramt, og umuleg for seksjonane å halde med dagens tenesteproduksjon, manglar ca. 800 000,- . Samtidig hadde rådmannen tatt til inntekt 1,2 mill kr. i kompensasjon for moms som kommunen ikkje får, men som me meiner me har rett på. Det er heller ikkje lov til å budsjettere med denne inntekta.

Dette vil føre til at Bokn kommune blir svartelista og satt under administrasjon av Fylkesmannen. For å unngå denne situasjonen har kommunestyret vedtatt å dekke denne inntekta opp mot fond, viss me ikkje lukkast i å få ekstraordinære inntekter.

Rådmannen hadde forslag om å ta ein gjennomgang av administrativ organisering og tenesteproduksjonen for å få ei enklare og meir effektiv drift. Dette slutta kommunestyre seg til og talfesta innsparingane til i størrelsesordenen 3 årsverk (1-1,5 mill).

I budsjettforliket på Stortinget og p.g.a. feil i budsjettet fekk Bokn ei styrking av budsjettet på ca kr. 270 000,-.

Der var og enighet om ikkje å leggja ned Bygda-bladet, men å auka abonnementsprisen til 300,- kr., noko som vil føra til ei styrking av budsjettet på 50 000,- kr.

Fleirtalet i kommunestyret (KRF, SP;AP) vedtok så i tillegg ein reduksjon i ordførarstillinga og i godtgjerdsla til dei folkevalde med ei innsparing på 150 000,-. Samtidig vedtok dei å bruke pengane opp på ei generell styrking av skulen, på 170 000,-kr., oljegrusing av Arsvegen, på 226 000,-kr., og nokre mindre beløp til Destinasjon Haugaland, ambulansen og sceneteippe.

Fleirtalet vil og behalde sommarjobb for ungdom. Mindretalet(H) hadde forslag om å sette av sparte beløp, 400 000,- kr., til dekking av uforutsette ting som vil dukke opp og ta ei vurdering i revidert budsjett om kva me har råd å bevilge pengar til. Mindretalet vil og ta ein gjennomgang av den politiske organiseringa, inkl. ordførarstillinga.

Fleirtalet vil investere for 700 000,- kr. i ombygging på legekantor, nærmiljøanlegg, iysarmatur og småbåthavn dekkja av kapitalfond.

Mindretalet vil investere 570 000,- kr. stort sett til

dei same ting, unntatt lysarmatur.

Det som gjer meg svært bekymra, og som gjer at budsjettvedtaket er heilt uansvarlig, er at fleirtalet ikkje viser vilje til å redusere budsjettet, heller auke pengeforbruken, når Bokn kommune er i ein så vanskelig økonomisk situasjon og må ha ein reduksjon av driftsnivået, som dei og har stemt for. Arbeidet med å få eit godkjent budsjett nå blir endå vanskeligare og det må til ei endå sterkare innsparing enn det som var utgangspunktet.

Noko som ytterligare forsterkar denne bekymringa er at Bokn kommune vil gå med eit underskot på fleire hundre tusen, kanskje over ein million, kr. i 2004 som og må dekkast inn. Situasjonen er nå med fleirtalsbudsjettet at Bokn kommune har brukt opp fondsmidlane og står foran store nedjusteringar, les reduksjon av stillingar, av budsjettet for å få skikk på økonomien igjen. Dette kan ikkje vere meininga for å prioritere bl.a. oljegrusing av Arsvegen.

Det er og mi oppfatning at fleirtalet nå styrer slik at Bokn kommune, uansett andre prosessar, nå ikkje er i stand til å klare seg sjølv.

Ordførarstillinga

Til slutt vil eg komma med ei personlig oppfatning av det som har skjedd rundt reduksjonen av ordførarstillinga til 50%.

Eg er med på, i ein vanskelig økonomisk situasjon for kommunen, å diskutere storleiken på ordførarstillinga, men når dette blir tatt opp rett over bordet i formannskapet utan å diskutere saka med meg, og sparte pengar går til bl.a. oljegrusing av Arsvegen blir eg skuffa over prioriteringa.

Eg har heller ikkje fått nokon klarhet i kva eg ikkje skal utføre av oppgåver. Dette vil medføre at ordføraren blir vanskeligare å treffe, ikkje kan ta opp og forfølgje saker som de som innbyggjarar er opptekne av. Det blir og mindre tid til å ha kontakt med næringslivet og drive næringsutvikling for å skape arbeidsplassar som Bokn er heilt avhengig av.

Det vil og bli mindre tid til å gjere Bokn sine interesser gjeldande på Haugalandet og i Rogaland. Eg trur det vil bli negativt for Bokn og lokalsamfunnet her at ordføraren nå blir redusert til ein intern møteleiar, og eg saknar ein diskusjon om saka.

Dette blei ikkje nokon god avslutning av året men eg vil takke alle for året som har gått og ønsker alle ei fredfull og God Jul og eit trygt og Godt Nytt År.

Svein Ove

MOT til å glede

Reidar Alvstad

MOT til å glede-dagen var slagordet til organisasjonen MOT den 23. november.

MOT er ein organisasjon som skal skapa betre oppvekstmiljø, og som har program både i ungdomsskulen, vidaregåande skule og på ungdommens fritidsarena. MOT har fokus på verdier, haldningar og kommunikasjon, og lærer ungdom å visa mot.

I Bokn er det Frans Gisle Hansen som har ein 10% stilling innafor dette prosjektet. Han har også ein halv stilling i Tysvær kommune, pluss ein deltidsstilling i politiet.



Dette banneret heng for tida i servicetorget. Ungdommane skal sjølv bestemma kor det skal hengast opp. Teksten er: "MOT's samarbeidskommune. Et samarbeid for å skape et tryggere oppvekstmiljø".

Organisasjonen vart grunnlagd i 1997 av eks-skeiseløparane Johan Olav Koss og Atle Vårvik. Gunn-Rita Dahle, Ole Gunnar Solskjær, D'Sound og Maria Arredondo er mellom MOT sine 63 ambassadører.



10-klassingar og pensjonistar ved same bord.

MOT handlar om å ta sine eigne val, og om korleis unge kan stå for eigne haldningar i staden for ukritisk å fylgja massene. Også om kor lite som skal til for å gleder andre. Å ha haldningar i forhold til rus er også eit viktig element i organisasjonen.



Song og musikk som gleder alle. Frå v. May Jorunn Vatnaland, Oddrun Nilssen og ved pianoet Venevil Birkenlund.

Kaffi og vafler på treffstader

I Bokn er det elevane i ungdomsskulen som aktiviserer seg i prosjektet. Den 23. november som blei markert over heile landet, var det ungdomsskule-




10-klassingane i døropninga. Ordførar Svein Ove Alvstad ynskjer velkommen.

elevane som sto i spissen for å gleder andre. Dei trekte kaffi og steikte masse vafler, og serverte dette på ulike stader i kommunen. Arbeidarane på Bokn Plast fekk kaffi og vafler i matpausen sin, og folk som kom for å handla på butikkane i Bokn denne dagen, fekk også same tilbodet av ungdomsskuleelevane.

Kaffi og vafler på Allrommet

Ein god del andre folk i kommunen blei inviterte til ei samling i Allrommet på føremiddagen denne dagen. Her inviterte ein først og fremst eldre folk som bur litt grisorrent i kommunen, og som ikkje har så god tilgang på transport, og i tillegg funksjonshemma som også kan ha vanskar med eigen transport.

Inkludert 10. klassingane var det vel rundt 40 som kosa seg med kaffi og vafler på Allrommet denne føremiddagen. Ordføraren ynskte velkommen, og etter kvart blei det ei fin økt med song og musikk av Venevil, Oddrun og May Jorunn. Dei har stadig nye



songar og framføringar på programmet, noko som fall i svært god jord - etter applausen å dømme.

Gleda andre

10. klasse-elevane frå Bokn skule gjekk rundt og serverte dei inviterte gjestene. Seinare sette dei seg ned ved borda og prata med dei. Det såg ikkje ut til at dei unge og eldre hadde problem



Elevlar klar i auditoriet før filmen blir kjørt.

med å oppretta kontakt med kvarandre. Så var det tid å avslutta, og dei som hadde behov for det, fekk skyss heim.

Film og pizza

I kveldinga var ungdomsskuleelevane inviterte til auditoriet på skulen for å sjå film og eta pizza. Her var det ungdommane som vart sett pris på, og dei fekk mange godord både frå Frans Gisle Hansen og rektor Ingjerd Ellingsen for måten dei hadde utført oppgåvene.

Frans Gisle Hansen i MOT-prosjektet ynskjer ungdomsskuleelevane velkommen til film og pizza

Jolaftan på Gunnarstad ca. 1650

Segna fortel at dei på garden Gunnarstad aldri fekk halda jul i eigne hus. Jens Håland, tippoldefar til Ståle Trosnavåg, kunne fortelja fylgjande:

"Det hadde seg so at dei laut ryma ut for huldrene: for dei kom til garden kvar jolaftan og ville halda leik og gaman. Folk lika ikkje dette som ventande kunne vera. Dei tenkte titt på korleis dei skulle bera seg åt, so dei kunde verta frie dette stoet. So var det ein dreng som ikkje ville flytja ut. Han vilde halda seg i husi med helgja, og skulde det vera so at huldrene kom, so vilde han freista å skrema dei. Han skulde alltid maka på ei råd, meinte han, so han skulde få huldrene på flog.

Mannen i huset og folki hans var glade til at einkvar vilde prøva å skræma huldrene. I grunnen var det mannsleg gjort av drengen, at han vilde bjoda seg til å gjera det; men dei var so redde at dei ikkje visste um dei torde telja han til å gjera det. Guten var aldri det slag redd, og då dei flutte frå garden laga han seg ei lega på nokre fjøler oppyver omnen i det huset han visste at huldrene helst vilde halda seg.

Han låg ikkje lengje fyrr han hørde huldrene kom. Dei rødde og log, huja og skreik og heldt eit stod, so det var grove ting. Han lagde merke til ein gamal mann som dei alle flokka seg um; dei kalla han gamle Trond, og ein kunne sjå han var husbonden deira.

Dei tok fram fat og koppar både av sylv og gull og sette på bordet.

Då skåli skulle ganga over bordet, so skulde han Trond drikka fyrst. Han som låg oppe på omnen, sette då i: "Eg vil skjenkja han Trond!" og dermed skaut han so huset riste, og gamlingen stupte. Huldrene stokk so dei hoppa: dei for som ein vind ut gjennom døri. Liket tok dei med seg; men sylvtøyet og gullet kom dei ikkje i hugs. Dei jamra og klaga seg fælt då dei gjekk, over husbonden dei hadde mist.

Men drengen tykte det sto vel til; og det same gjorde visst Gunnarstadmennene. Det var ikkje berre det at dei fekk alt gullet og sylv som var set på bordet; men sidan fekk dei og fred for huldrene.

Året etter kom dei att og ropa inn gjennom glaset: "Er Gunnarstadkjetta heima i år?" Kva svar dei fekk, veit me ikkje; men dei gjekk att".

Lena Vatnaland kunne og fortelja kva som var svaret. Ho fortalde at året etter kom dei att og ropa ovanfor lia heim til garden: "Er den stygge kjetta i huset i år og?" "Ja", vart det svara, "og no har ho fått sju ungar som er heilt like hennar sjølv." Då fekk dei fred for huldrene.



Fiskebåtar i Bokn

Reidar Alvestad

Bokn historielag har fram til nå samla godt med folk på dei møtene dei har hatt. Slik var det også den 24.november då temaet var "fiskebåtar i Bokn".


Båt-entusiast

Fiskebåtentusiasten Kjell B. Sønstabø frå Bømlo, nå busett i Randaberg, hadde mykje på hjarta. Han har samla foto og dokumentasjon av over 10.000 ulike fiske- og fraktefartøy frå heile Norskekysten. Han var også foredragshaldar på eit liknande møte i Rennesøy tidlegare i vår.

Minst 30 frammøtte tyda på stor interesse for temaet i Bokn.

Og det var vel som det skulle vera at så mange møtte opp i ein kyst- og fiskarkommune som Bokn. Kjell B. Sønstabø var sjølv frå ein fiskarfamilie på Bømlo, så dei hadde hatt båtar i familien. Det var frå han var 7 år gamal at han starta å samla bilder av båtar. Desse fann han m.a. i blad som "Fiskaren" og haugesundsavisene. Her fann han også ein del opplysningar om båtane.

I 1970 åra dabba interessa av, for så blomstra opp



Kjell B. Sønstabø snakkar om fartøy i Bokn historielag.




Sildefiske ved Vestre Bokn 1929. Skøyta heiter "Tordenskjold" R-24-B og tilhørde Avrebøbrørne Severin, Jakob og Lars.


att i 1980-åra. På ein ferie til Mallorca i 1982 såg han "Sirafjord I" der. Då hadde denne båten vore på jordomsegling. Så frå 1984-85 tok han til å samla bilder både av fiskebåtar og fraktebåtar.

Interesse ut over landet

Interessa for historia om båtar opp gjennom tidene har tatt seg godt opp, ikkje berre her i distriktet, men over heile landet. "Norsk Skipsfartshistorisk Selskap" starta i 1973, og har etter kvart fått mange medlemmer. Likevel har ein tilsvarande organisasjon i Sverige 3 gonger så mange medlemmer, sjølv om Norge har hatt 3 gonger så mange båtar som Sverige.



Båtar ved gamle habn i Alvestadkroken kring 1948. F. v. Aud 2", eigarar Otto og Alfred Alvestad, "Orion" til Peder og Eliseus Ognøy, "Flora" til Magne, Arthur og Øystein Trosnavåg. Notgalgen i bakgrunnen hørde til Otto og Alfred Alvestad, og vart seinare bygd større i austleg retning mot Boknasundet.



Straumen 1953 sett mot sørvest. Ved det næraste sjøhuset t.v.som tilhørde Knut Grønnestad, ligg skøyta "Palmen". T.h. for dette skøyta "Waarliv" ved Sigval Loten sitt sjøhus.

Etter kvart er det gitt ut ein del båtshistoriske bøker over ulike typar båtar mange stader i Norge, mellom anna på Bømlo. Den siste boka der er frå søre Bømlo. Her starta arbeidet i 2000. 365 båtar har ein

fått plass til i denne boka.

Registre

Dersom ein skal koma nokon veg i å få oversikter over fartøy, må ein ha registre til hjelp i arbeidet. Fiskeriregisteret er nyttig. Merkekontrollen ved Statsarkivet i Bergen har masse opplysningar, også om kven som var eigarar av båtane.

Kjell B. Sønstabø har i ei oversikt over båtar 1920 – 1950 frå Bokn merkedistrikt 92 båtar over 30 fot. Tar ein med rutebåtar og fraktebåtar blir det rundt 100. Tar ein med opne motorbåtar er det rundt 20 til.

I slutten av bind 2 av bygdebøkene for Bokn, er det eit register over fartøy i Bokn frå perioden 1921–1948. Dette registeret er sett opp gardvis på grunnlag av "Norsk merkeregister for fartøy". Det som her er plukka ut er boknabåtane for 1921, 1923, 1926, 1928, 1930, 1934, 1936, 1938, 1943 og 1948. Her er det opplista til saman 160 fartøy. Her er imidlertid alle typar fartøy, store som små, tatt med.

Bokn historielag har ei eiga undergruppe som skal arbeida med primærnærneringar som jordbruk og fiske. For denne gruppa vil nok dette med historia til fiskebåtar, frakte- og rutebåtar tilknytta kommunen ha spesiell interesse. Som tidlegare nemnt er det godt over 100 båtar som er registrert her i Bokn berre frå 1920–1950-åra.

Kor vidt det er aktuelt å gi ut bok om dette temaet, er det vel for tidleg å seia noko om. Men Rennesøy historielag er alt i gong med eit slikt arbeid, og etter interessa på møtet til historielaget å dømme, er det mange som synes dette er ein interessant del av vår nyare lokale historie.

Bygdabladet vil koma tilbake med meir om temaet fartøy frå distriktet vårt, og då ikkje berre fiskefartøy.




Brislingopptak, "Venadis" og ein opptaksbåt. Bildet er frå først i 1960-åra. Eigar var Per Alvestad m.fl.



"Sonja I" - eigar Olav Alvestad m.fl. Dei har her gjort eit brislingkast.

Kino 11. januar

(Bygdekinoen vil inntil vidare besøka Bokn på tysdagar).



DE UTROLIGE (7 år) (no. versjon)


Fra den anerkjente regissøren av "Gutten og jernkjempen", Brad Bird, og de Oscar-belønte skaperne av "Toy Story", "Monsterdriften" og "Oppdrag Nemo" kommer en actionfylt og morsom dataanimert historie om superhelter.

Pixar Animation Studios viser de nyeste tekniske fremskrittene i avbildning av menneskelige skikkelser og tører grensene for dataanimasjon med denne elegante og underholdende filmen.

Handlingen

Bob Paar var en gang en av verdens største superhelter (kjent for alle som "Herr Utrolig"), som reddet liv og bekjempet det onde hver eneste dag. Men nå er han en helt vanlig saksbehandler i et forsikrings-selskap, som sliter med kjedsomheten og vekten.

Les mer på www.bygdekinoen.no



BRIDGET JONES: PÅ RANDEN (alle) er den andre filmen om den klossete, usikre, kaloritellende og usedvanlig sjarmerende journalisten. Nå har hun funnet "den rette", men er det sikkert at dette vil holde? Bridget betror seg fortsatt til sin dagbok, og det er stadig like underholdende å ta del i hennes innerste tanker.

Den første filmen om Bridget, BRIDGET JONES' DAGBOK var en kjempesuksess på kino. Filmene bygger på Helen Fieldings bestselgende romaner i dagbokform (komplett med kalori-, alkohol- og nikotininntak).

Les mer på www.bygdekinoen.no

Avslappande førjulsreise

Jardar Havikbotn

Det blei ei flott og rolig stund i kyrkja 3. desember då Christina Bjordal og Alf Wilhelm Lundberg tok oss med på musikalsk reise.

Alle taklys var av og alle stearinlys var tende. Eit raudt og eit blått lys frå lyskastarar smelta saman og ein fyldig vokal smelta saman med ein gitar.

"Silent Night" var fyrste melodi ut, etter ei litt nervøs opning var intimkonserten i gong. Ein intim-konsert som publikum kunne gjort endå meir intim. Kanskje det er oppsette høgtalarar som er årsaken til at folk vel å sitja så langt bak.

Men Christina hadde likevel god kontakt med dei 32 som hadde funne vegen til kyrkjerommet. Jule-songane var pakka inn med akkompagnements-variasjonar frå tre ulike gitarar, og pakkane hadde juleband frå land til land, fint leia med informative tekstar mellom låtane.

Tradisjon

At både opningssongen og halvparten av konsert-repertoaret var det same som i fjor gjorde ingenting. Jul er tradisjon og folk vil høyra dei kjende og kjære tekstane og melodiane, både på norsk og engelsk. Dessutan var fjorårets komp piano/orgel, bass og trommer, og danna eit heilt anna lydbilde.

Alf Wilhelm Lundberg koste seg med gitarane. Med nesten ein halv kvadratmeter effektboksar på golvet trylla han fram alt frå passande flageolettonar til fyldige akkordar i utradisjonelle musikalske vendingar og rytmar, særleg i instrumentale parti. Den trygge stemma til Christina hadde ingen problem med å fylla kyrkja, og hadde sin topp i "Holy Night".

Med jazz-artikulasjon og -frasering farga vokalisten

songane på sin måte. Tida då dette, og høglytte ovasjonar var uhøyrte i kyrkja ser ut til å vera forbi, og eit lite minutt trampeklapp fortalde at publikum



Alf Wilhelm Lundberg og Christina Bjordal tok oss med på ei avslappande førjulsreise.

likte konserten.

Etter ekstranummet vanka det blomar frå leiaren i Bokn sokneråd. Solveig Våga Loten ynskjer at fleire kjem på kyrkjekonsertar. Ho nemner at Miro-ensemblet berre samla 13 stk. i november.

- Går ikkje folk på konsert lenger? seier Solveig til Bygdabladet.

Det er plass til mange fleire, i eit rom som eignar seg godt til konsertar.

JULEHEFTENE

Juleheftene har en over 100 år gammel tradisjon, men som det aller meste har også de forandret seg mye opp gjennom tidene.

De første som kom på markedet, var ofte skrevet av kjente forfattere og illustrert av billedkunstnere. Skriften var vakker, illustrasjonene svært dekorative, og heftene var skikkelig påkostet.


Også før juleheftene kom ut, ble det laget egne publikasjoner til julen. Allerede i 1817 kom "Julegave eller liden Samling af udvalgte Selskaps- og Drikkeviser, ved Norske Forfattere".

Senere kom små julebøker og julehefter for barn, og i 1850 kom eventyrsamleren Peter Christen Asbjørnsen ut med suksessen "Juletræet. En samling af Norske Folke- og Børneeventyr".

I 1920-årene ble det vanlig å gi ut julehefter med lokal forankring, yrkesforankring, som for eksempel "Husmorens jul" eller av religiøs art.

I 1912 startet skikken med tegneserier - da kom "Knoll og Tott" ut for første gang, og i dag kan vi velge mellom 10 - 12 forskjellige typer, alt fra de gamle gode - som "91 Stomperud", "Bustenskjold" og "Fiinbeck og Fia" - til de mer moderne, for eksempel "Blondie" og "Pusur".

Frå boka: "NORSK JUL" av Birger Sivertsen



Meiningsmålingar på internett

Redaktøren kommenterer i forrige nr. av Bygda-bladet "meiningsmålingar" som har lege ute på bladet sine nettsider. Første "måling" viste at rundt 70% var for ein stor Haugaland-kommune. Neste "måling" var om ein var for eller mot samanslåing Tysvær/Bokn. Av denne siste avstemminga "så går det klart fram at boknarane er imot", skriv redaktøren. Mellom 88 og 90% hadde røysta imot.

Etter mi meining må ein ta desse "målingane" med ei stor klype salt. Ein kan ikkje stola på dette som noko meiningsmåling der det berre er boknarar som klikkar ja eller nei. Kven som vil i heile verda kan røysta. T.d. kan interessegrupper få mange til å gå inn og røysta. Det blir derfor heilt feil å seia at desse

"meiningsmålingane" gir uttrykk for boknarane sitt syn. Eg trur difor ikkje at nettavrøystingar gir nokon som helst peikepinn på korleis stemninga er blant boknarane når det gjeld spørsmål om stor Haugaland-kommune eller samanslåing Tysvær/Bokn.

Redaktøren skriv også at folk kan gå inn og røysta 1 gong pr. dag. Dette stemmer heller ikkje. På min private datamaskin kan eg klikka meg inn og røysta mange gonger pr dag.

Eg ser på det heile som heilt upåliteleg i forhold til å måla innbyggjarane sine meiningar i dei spørsmåla som er oppstilte, og det er difor villeiande å uttala seg om tendensar som er haldbare.

Boknar

REFERAT FRA FORVALTNINGSSTYRET HØSTEN 2004

• Ingebjørg Helen Goa har søkt om tillatelse til oppføring av hytte ved Seiavika øst for Sandvika. Søknaden ble avslått, men skal vurderes i sammenheng med revisjon av kommuneplanen.

• Asta Kro har søkt om fradeling av boligtomt ved Driftavegene. Søknaden ble foreløpig avslått, men skal vurderes i sammenheng med revisjon av kommuneplanen.

• Solfrid Kro har søkt om tillatelse til fradeling av tomt til bestående kårbolig på gården i Kro og søknaden ble godkjent.

• Margit Alvestad har søkt om fradeling av tomt til bestående gårdshus. Kommunen har anbefalt søknaden som skal sluttbehandles av fylkesmannen.

• Forvaltningsstyret har sluttbehandlet forslag til reguleringsplan for hyttebebyggelse på Håvard

Hetland sin eiendom ved Lauplandsvågen. Planen inneholder 25 hytter, naustbebyggelse og og småbåthavn. Planen skal sluttbehandles av kommunestyret i desember.

• Atle Aksdal har fått byggetillatelse for bolig-hus på Aksdal.

• Arvid Alvestad har fått tillatelse til fradeling av 2 boligtomter i Alvestadkroken.

• John T Karoliussen har fått byggetillatelse for naust ved Hålandssjøen.

• Trond Bjelland har fått rammetillatelse for oppføring av fritidsbolig i henhold til gjeldende reguleringsplan ved Jøsenvågen.

• Erik Selle har fått byggetillatelse for fritidsbolig og brygge ved Jøsenvågen.

• Helge Kristian Nilssen har fått byggetillatelse for naust ved Hålandssjøen.

• Frank Karoliussen har fått tillatelse til oppføring av naust ved Hålandssjøen.

Barns tanker om tro

- «Hvis man ikke vil tro på Gud, kan man tro på Buddha eller Harry Krishna eller Koranen.» (Maj Kristin, 8 år)

- «En misjonær er en mann med hatt og koffert som leser Bibelen i dørsprekken til folk.» (Fredrik, 9 år)

- «Man kan tro på damer også. Madonna med barnet er popstjerne. Hun har hvitt hår i USA.» (Johanna, 7 år)

- «Sylvester Stallone er også fra Amerika. Men man trenger ikke å tro på ham for det.» (Jo, 7 år)

- «De som tror på Allah er muslinger. I Kina tror jeg de tror på

noe annet. Der tror de på drager.» (Kate, 6 år)

- «Det er ikke sikkert Gud har rett i alt han sier. Det kan være at Allah har rett, selv om han bor i Pakistan.» (Hanne, 8 år)

- «Man kan bli frelst eller helfrelst, det kommer an på hva man gleder.» (Ingrid Marie)

Filosofi hos barn

Det kan være farlig å føde. En dame vi kjenner, ble lam fra ankene og ned etterpå. Jeg tror fortsatt hun har problemer med å bruke høyhalsa sko. (Lisen, 6 år)

Det er veldig typisk for en mor og gifte seg med en far. (Isabel, 5 år)

Mange forelskede blir litt dumme. Litt bortreiste i sitt eget ytre landskap liksom. (Jo Thomas, 9 år)

I gamledager sa man "Jeg elsker deg" til folk. Nå trenger man heldigvis ikke å anstrenge seg så forferdelig skrekkelig lenger. Jeg tror det holder at man sier: "Kom hit!". (Holger, 8 år)

Familieplanlegging var noe de drev med i gamledager før lyden ble funnet opp. Da hadde man bare stumfilm og da måtte man skrive brev til hverandre. (Terje, 6 år)

Hvis man elsker noen, så blir man veldig usymmetrisk og klarer ikke å tenke helt rent. Det tror jeg er gøy. (Frithjof, 6 år)

Årsmøtet ble avholdt på Boknatun 24.11.04, kl. 19.00. Det var 9 fremmøtte.

1. Jan Are ble valgt til møteleder.
2. Innkalling ble godkjent.
3. Årsmelding for 2004 ble godkjent.
4. Regnskapet for 2004 ble foreløpig ikkje godkjent av revisor. Det mangler noen bilag fra 1.10.03 til 31.12.03. Regnskapet ble godkjent av Årsmøtet under forutsetning av at manglende bilag blir bestilt fra BBS og at regnskapet på nytt blir levert til revisor.
5. Budsjettforslag for 2005 ble godkjent.
6. Kontingent: Ingen endringsforslag. Kontingent er kr 175,- for hovedmedlem og kr 50,- for familiemedlem.
7. Valg: 3 styremedlemmer (Laila Nemeth, Daghild Grønnestad og Agnes Sæbø) gikk ut av styret. Jan Kristian Jø-sang og Hilde Skeie ble valgt for 2 år og Anne Lisabeth Jø-sang ble valgt for 1 år. Varamedlemmer: Bjarne Odland og Veronika Sæbø. Jan Are ble gjenvalgt som formann.
8. Valgnemnd: Andreas Nemeth (for Åse Bratthammer) Revisor: Uendret.
9. Eventuelt:
Det ble orientert om samarbeidsavtale med garden Torland. Denne er under utarbeidelse.

Agnes Sæbø
sekretær

Årsmelding 2004

STYRET

Styret har fra november 2003 til november 2004 bestått av:

Jan Are	leder
Gry Øvrebø	nestleder
Brit Heidi Førland	kasserer/varamedlem
Agnes Sæbø	sekretær
Daghild Grønnestad	styremedlem
Laila Nemeth	styremedlem
Leif Kjellesvik	varamedlem
Revisor	Ann Jeanette Sunde Olaussen
Valgstyre	Erik Eikje og Åse Bratthammer

Underutvalg

Kjøring:	Andreas Nemeth, Reidun Ognøy Høyland
Distanseritt:	Øyvind Skogøy, Agnes Sæbø
Sprang:	Bjarne Odland, Rita Lindanger
Catering:	Gry Øvrebø
Lotteri:	Gry Øvrebø, Daghild Grønnestad

STYREMØTER

Styret har hatt 5 styremøter og det har vært behandlet ca. 22 saker.

DELTAKELSE PÅ MØTER, KURS mV

Følgende kurs/møter har styret/medlemmer deltatt på i år:

Rytterting	Gry Øvrebø, Andreas Nemeth
Rogaland Rytterkrets, rytterting	Linda Lode
Grenkonferansen Distanseritt	Brit Heidi Førland

KLUBBARRANGEMENTER

Vårt årlige Jul i Stallen-arrangement hadde vi på Håland hos familien Nemeth 7. desember 2003. Vi hadde julegrøt, barneridning og utlodding.

7. mars i år startet vi opp med søndagsridning. Oppslutninga var ikkje så bra som fjoråret, og på siste arrangement 2.5.04 var det ingen som kom. Bork Jr. har her stått for instruksjon og leing.

2. påskedag hadde vi – tradisjonen tro – eggkoking, gymkhana m.m.. Denne gangen hos Håvard og Kari Hetland på Laupland.

I mai (14.-16.) arrangerte vi familieleir på Sandbekken. Det var ca. 25 deltakere med denne helga.

Laurdag 28. august hadde vi planlagt å ha vårt årlige distanseritt på Ognøy. Det var få påmeldte og da været i tillegg var dårlig – ble det bestemt å avlyse dette arrangementet i år.

TRENING/KURS

Vi har hatt fast trening på Ognøy hver onsdag (i vårhalvåret) med Linda Lode.

Høsten 2004 ble denne treningen flyttet til Torland (ny treningsdag ble da fredag)

Vi har her fått med noen nye deltakere – både voksne og barn/ungdom.

Som nevnt tidligere i årsmeldingen har vi hatt ridekurs 1. søndagen i måneden i vårhalvåret.

Her har det stort sett vært nybegynnere fra 5 – 10 år som har deltatt.

TILSKUDD, INVESTERINGER, LOTTERI

Vi fikk tildelt kr 12.500,- i kulturmidler fra kommunen.

Vi har fått kr 5.400,- frå Noregs Idrettsforbund.

INFORMASJON TIL MEDLEMMENE

Vi har i år benyttet Bokn Bygdablad og oppslag på skoler/butikker for å kunngjøre våre arrangementer.

Styret i Bokn Ride- og Kjøreklubb, november 2004

Jan Are, Gry Øvrebø, Agnes Sæbø, Daghild Grønnestad, Laila Nemeth

Agnes Sæbø
sekretær

JULETREPYNT

Skikken med å henge pynt på et levende tre fra skogen, må vi ha lov til å se på som en av de mange underlige, menneskelige handlinger som finnes.

Julepynten som vi tar frem fra våre skattekister noen timer før julaften hvert eneste år, ligner på den samme skjøre stasen som mennesker for 400 år siden beundret på samme tidspunkt. Juletreet var et gavetre som skulle høstes ved julens slutt, som regel trettendedag jul, 6 januar.

Det er en kirkelig tradisjon å la forskjellige julepynt symbolisere forskjellige deler av det kristne julebudskapet.

Juletrelysene er symbol for Jesus som "verdens lys", stjernen er symbol for stjernen som sto over stallen i Betlehem, og halmfigurene symboliserer halmen i krybben der Jesus lå.

Kulene er symbol for jorden og Guds kjærlighet til den, mens lenkene står for brorskap, hjerter for Guds kjærlighet og fugler for Den Hellig Ånd.

Kurvane med godterier er et bilde på Guds gode gaver, og det var englene som forkynte julebudskapet for hyrdene på marken.

Frå boka: "Jul gjennom alle tider" av Ingrid Sahlin-Sveberg



Ungdommer på julemiddag

Ann Kristin Grønnestad

11. desember hadde nok en del ungdommer gledet seg til. Vi skulle på "Sjøhuset" i Kroen på Julemiddag!

Det var påmelding via sms, og det fungerte veldig bra. Dagen nærmet seg, og mobilen min ga titt og ofte lyd fra seg. 43 ungdommer meldte seg på, men på grunn av sykdom og annet var det til slutt 40 som kom.

Da jeg kom til "Sjøhuset", hadde det allerede kommet en god del folk. Og dere skulle sett de! I flotte kjoler, og dresser, finbukser og skjørt, med håret rett opp eller ned (alt etter som hvilke ønsker hårets eier hadde), det glitret og funklet, og det duftet en meget behagelig blanding av parfymer og godlukt! Det var en flott gjeng, og ett minne jeg kommer til å ha for alltid. Jeg var så stolt av de!

Etter å ha ønsket dem velkommen og informert litt om kvelden videre, nærmet det seg servering. Det var pinnekjøtt og riskrem som stod på menyen, og gjett om det smakte! Det var utrolig godt! All honnør til de som jobbet på kjøkkenet, for den gode maten, servicen og koselig stemning!

I riskremen var det selvfølgelig gjemt en mandel, og etter lang, lang tid og mye overspising... dukket den omsider opp hos Therese Våge. Hun ble altså vinneren av et gavekort på en cd på "Bravo". Gratulerer!

I ti-tiden skulle vi skifte lokale, vi skulle opp på "Petra". Noen ville gå opp, og andre ble kjørt. Høye hæler er ikke noe særlig å gå langt på, og det blir fort kaldt i mini-skjørt. Vi fikk skysshjelp av en av foreldrene (Tusen takk for hjelpen!), så det gikk fort unna.

Andre Klubbkvelder i høst

18.09.04

Vi var på skolen og det ble salg av snop, brus, nystekte lapper (ungdommene var selv med på å svi dem), og pølser i brød. Ellers drev vi mye med



GOD MAT OG KOSELIG STEMNING: Oppdresta gutter i maritimt miljø.

volleyball, faktisk i timevis.

På slutten av kvelden fikk ungdommene se en video-film. Kvelden gikk fort, og akkurat som før, var det masse drøs på kjøkkenet. En riktig koselig kveld med 24 ungdommer tilstede.

16.10.04

Vår andre Klubbkveld var ikke så godt annonsert, men det ble sendt sms'er til en del ungdommer, og "jungeltelegrafen" fungerte godt! Det kom 36 ungdommer! 4-5 stykker fra Tysvær, og en fra Karmøy.

Denne gangen lagde vi ikke mat, men hadde vanlig kiosksalg. Vi spilte volleyball, landhockey og basket. Ungdommene tar jo helt av! Svetten renner, og de ser ut som nykokte hummere, men pause... Å neida! Konkurranseninstinkt kan en ikke klage på.

Fra klokken 21.00-23.00 ble det data, og der ble det sittende en 5-6 stykker.

Til slutt vil jeg takke alle ungdommene for en fine kvelder, og ønske dere alle hjertelig velkommen til neste Klubbkveld!

Filosofi hos barn

I en familie kan man si akkurat hva man mener uten å være redd for at noen andre skal mene det samme. (Haakon, 6 år)

Det som er viktig for mødre, er at de får barn. Hvis de tilfeldigvis er så uheldige å ikke få barn, må de

være alenemødre hele livet. (Jan Rune, 6 år)

Noen lesbiske blir forelsket i det annet kjønn. Det er ikke spesielt morsomt eller spesielt rart. Det er faktisk helt unaturlig, så det er ikke noe å snakke høyt om. (Alessia, 8 år)

Pappaen min er veldig glad i meg.

Han er så glad i meg at han skriker til meg i butikken. (Stine Marie, 6 år)

Vannmelon er en fin frukt. Du spiser, drikker og vasker ansiktet samtidig. (Berit, 8 år)

Det viktigste når man gifter seg, er at man har en god monolog. (Karina, 8 år)

Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

DESEMBER

24. Gudsteneste kl. 14.00
 26. Gudsteneste kl. 11.00
 26.-
 30. **Datatreff på skulen, arr. BCG**
 28. Juletreff på Bedehuset kl. 19.00.
 Arr. Frelsesarmeen/Bedehusstyret
 31. Gudsteneste kl. 16.00

JANUAR

05. **Alpha på Bedehuset**
 11. **Oppstart for speidarane med julefest i skogen kl. 18.00**
 11. Kino, sjå s. 7
 12. Israelsmisjon på Bedehuset kl. 19.30
 18. Bingo på skulen, arr. Bokn musikkorps
 19. Alpha på Bedehuset
 20. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
 23. Gudsteneste kl. 11.00
 28. ABR-senteret på Bedehuset

FEBRUAR

01. Bokn pensjonistforening
 02. Alpha på Bedehuset
 04. Kulturkveld på Bedehuset kl. 19.00
 06. Gudsteneste kl. 16.00. Bibel til 5. kl.
 09. Årsmøte, Bokn musikkorps
 10. NMS på Bedehuset
 13. NMS på Bedehuset
 16. Alpha på Bedehuset
 17. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
 20. Gudsteneste kl. 11.00
 20. Bingo på skulen, arr. Bokn musikkorps
 23. Årsmøte, Bokn idrettslag
 24. Bokn pensjonistforening i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
 25. Årsmøte, Bedehuset
 26. Dans, arr. Bokn idrettslag

MARS

01. Speidarbasar på Bedehuset
 05. Alpha-middag på Bedehuset
 05.-
 06. Seminar på skulen, Bokn brass
 06. Gudsteneste kl. 19.00. Årsmøte etterpå.
 09.-
 11. Indre sjømannsmisjon på Bedehuset

13. Indre sjømannsmisjon på Bedehuset
 15. Bingo på skulen, arr. Bokn musikkorps
 16. Open Alpha på Bedehuset
 20. Gudsteneste kl. 11.00 Dåpsskule/konfirmantar
 09. Frelsesarmeen på Bedehuset
 25. Gudsteneste kl. 11.00
 27. Gudsteneste kl. 15.00
 31. Bokn pensjonistforening i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
 31. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00

APRIL

05. Open Alpha på Bedehuset kl. 19.00
 10. Gudsteneste kl. 11.00
 16. Dans, arr. Bokn idrettslag
 17. ABR-senteret på Bedehuset
 21. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
 24. Frelsesarmeen på Bedehuset kl. 19.30
 28. Bokn pensjonistforening i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
 30. Vårslepp, arr. Bokn idrettslag

MAI

01. Samtalegudsteneste kl. 19.00. Fest etterpå.
 05. Konfirmasjonsgudsteneste kl. 11.00
 08. NMS på Bedehuset
 15. Fellesgudsteneste i Tysvær kyrkje kl. 11.00
 17. Gudsteneste kl. 10.30
 21. Dans på skulen, arr. Bokn IL & Bokn RK
 26. Bokn pensjonistforening i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
 26. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
 29. NLM på Bedehuset

JUNI

05. Gudsteneste kl. 19.00
 12. Gideon på Bedehuset kl. 19.30
 26. Gudsteneste kl. 11.00

JULI


17. Gudsteneste kl. 11.00

AUGUST

07. Gudsteneste kl. 11.00
 28. Gudsteneste kl. 19.00. Misjonssundag

GYMSALTIMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Fotball 6.-8. kl. Bokn Musikkorps	16.30 - 17.45 18.00 - 22.00	Arild Nilssen Ove Alvestad
Ons	Fotball 4./5. kl.	17.00 - 18.00	Linda Beate Sørdal
Tor	Fotball 2./3. kl. Volleyball, ungdom Volleyball, vaksne	18.00 - 19.00 19.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Leif Kjellesvik Atle Jøsang Atle Jøsang
Fre	Fotball	19.00 - 20.30	Gunnar Solberg



Me gratulerer!

Sander Alvestad fyller 4 år den 15.12.

Gratulere så mye med dagen, hilsen
Mamma og Pappa.

Son av utflytta boknar tok doktorgrad

Jardar Havikbotn



30 år gamle Torbjørn Nedrebø (bildet) disputerte fredag 26. november for PhD-graden ved Det medisinske fakultet, Universitetet i Bergen.

Faren, den utflytta boknaren Bjørn Gunnar Nedrebø, tok også doktorgrad i år (mai), og i følge Universitetet i Bergen er dette einestående og spesielt - med far og son same år!

Medan Bjørn Gunnar tok for seg stoffskifte har Torbjørn studert akutt betennelsestilstand forårsaka av bakterier eller nedsatt blodsirkulasjon til eit organ.

Torbjørn tok medisinsk embetseksamen ved Universitetet i Bergen i 2000, og saman med faren jobbar han i dag ved Haukeland Universitetssjukehus.

ILLUSJON

Slapp av og konsentrer deg om dei fire små loddrette prikkane i midten av bildet i ca 30-40 sekund.

Sjå så på ein vegg nær deg – helst einsfarga.

Du vil sjå at ein sirkel kjem fram.

Blunk med augo nokre gonger, så kjem det til å visa seg eit bilde

Kva ser du? Eller rettare sagt: kven ser du?



Fred på jord

Eg sko gjerna fortalt deg at ei nye stjerna var tent
At hu lyste opp og varsla om nytt som var sent
Te ein verden på kne
Det er bare sånn det er
Der eg går synes adle bruer å ha brent

Eg sko så gjerna fortalt deg at alt sko gå godt
At nå lyse stjernå opp ei kalde mørke nått
Og at verden får fred
Der adle mennesker er med
Nå sleppe tonge tårer gjera kinnet ditt vått

Tenk om eg kunne sagt deg at me fekk starta på nytt
Der bånd av hat og mistro endelig blei brutt
Der ingen er bedre enn andre
Og uten någen å klandre
Våpen er borte samen med kuler uten krutt

Tenk om at eg kunne sagt deg "Vårherre fant klinkekulå igjen"
Og at han av kjærlighet ikkje harme sente bud til by og grend
Der brisen fra englenes vinger
Følger all verdens stier som svinger
Seg mot målet øverst på tinden og mot evigheten

Eg sko gjerna sett at me adle gjekk hånd i hånd
Knytta lett samen med kjærlighetsbånd
Verden suser av sted
Det er bare sånn det er
Det er ingen forskjell me er samen i ånd

Me rir på verdensrommets tone ein megtig sang
Me e med livskraftkarusellen gang itte gang
Der me fylles av fred
Og adle mennesker er med
Nå kan endelig håvet kvila i livets fang

Takk for alt, Erik Bye

Takk for det gamla og god jul!



Kjetil Hamre

Berit Are har sluttet i Bokn kommune etter ca. 20 års tjeneste.



Hun hadde hatt mange "strøjobber" for kommunen før hun begynte som assistent i barnehagen i 1984.

Barnehagelokalene var den gang i gamle Kyrkjebygd skulehus. Mange som er ungdommer i dag, husker sikkert Berit som sin "andre mor" som klødde på ryggen, klappet kinn eller leste eventyr når det var tid for litt søvn midt på dagen.

I en periode var barnehagelokalene for små på Kyrkjebygd. En av leilighetene i kommunen sin bolig i Fyrvegen ble da tatt i bruk for de minste barna og Berit fikk ansvar for driften.

Bokn skule ble Berit sin arbeidsplass fra 1998 hvor hun jobbet som reinholder og før hun sluttet i høst hadde hun deltidsarbeid på dag-sentret på Boknatun.

Vi takker Berit for innsatsen og spesielt for den gode omsorgen for barna i barnehagen.

Filosofi hos barn

Moren min sier at jeg går henne på nervene, enda jeg står helt stille. (Sigurd, 6 år)

Jeg liker nok bedre at mamma kysser meg enn at jenter gjør det. (Rune, 7 år)

Markedsføring på CD-rom om Haugalandet

Jardar Havikbotn

Bokn er godt presentert på plata der Tove V. Bråthen i Vestfoto samlar alle ni kommunane på Haugalandet til eitt rike.

Bråthen legg ikkje skjul på at ho er svært nøgd med "Haugalandet", som du i Bokn kan kjøpa hjå Coop Bokn eller Alvestad Handel AS. CD'en inneheld 500 bilder, enkelte filmsnuttar og tekstar om "Norges fødested".

Gjennom fototurar får du innblikk i Haugalandet si historie, natur og opplevingar. Her er både stillfoto og 360° bilder, og du kan installera ein skjermspelar som gir deg ei lysbildeframsyning med flotte bilder.

Det var i vår at me starta samarbeidet med Tove V. Bråthen. Bildene som presenterer kommunen er ikkje tatt ut tilfeldig, og Birger Lindanger sine tekstar fortel ei historie med orda "Bokn viser veg" som ein raud tråd. Billedsamlinga kan brukast i ulike samanheng, som t.d. under bustadmessa i Vardhallen

tidlegare i haust kunne dei besøkande sjå og lesa frå serien på forstørre kopier.

Det er andre gong Bråthen lagar CD om Haugalandet. I juni 2002 var fem kommunar representerte, og i følge fotografen og webdesignaren vil det gå minst to år til neste gong det kjem ei slik plate.

- Når enkelte spør meg om eg ikkje nyleg har gitt ut denne CD'en blir eg overbevist om at dei ikkje må koma for tett, seier ho i ein kommentar til Bygdabladet.



Dåpskjolen

Birger Lindanger

Gammal bygdetradisjon får nytt liv

Oppe på kontoret til Svanhild heng det ein kjole som lenge har vore ute av bruk: bygda sin dåpskjole. Tidlegare var det ikkje lett å få tak i tøy til å laga seg ein standsmessig dåpskjole.



Kring 1930 sette difor kyrkjeforeininga – med Nille Vatnaland, Borge Øvrebø, Olga Alvestad og Gina Nygård – seg føre å skaffa bygda ein felles dåpskjole.

Ved dei tider var det ikkje alltid enkelt å

Offisiell dåpskjole anno ca. 1955

skaffa høveleg stoff, og det laut improviserast med blonder frå underkjolar og slikt. Dei tok kvar sin tårn for å få han ferdig og Nille sydde til sist heile kjolen saman. Kjolen vart den store suksessen og vart bruka så mykje at han etter bare 20 års bruk var aldeles utsliten.

Dei som då sat i kyrkjeforeininga, mellom anna Nille Vatnaland og Leonora Alvestad, såg at det var pre-

Til venstre ser du den gamle off. dåpskjolen anno ca. 1930.

Er det nokre av lesarane som veit noko om kjolen til høgre på bildet?

Då kan du i tilfelle kontakta kulturkontoret.



kær dåpskjolemangel. Den gamle var ikkje brukande lenger og det var svært vanskeleg å skaffa høveleg stoff til private kjolar. I knipa sydde folk dåpskjolar av blondebukser og anna dei fann brukande.

Litt i senn fekk Nille og Leonora skaffa stoff og hekla i veg. Kring 1955 kunne den nye dåpskjolen takast i bruk. Det var ikkje få småboknarar som vart kristna i kjolen utover på 60- og 70-talet. Men etter kvart fekk folk sine eigne dåpskjolar, og gradvis gjekk han or bruk og blei gløymt – heilt til soknerådet gjenoppdaga han i året som var.

Soknerådet bestemte seg i haust for at tida var komen til å trekkja han ut or gløymsla. Nå ligg klenodiet hjå Svanhild og ventar på å bli teken i bruk att. Det einaste kravet, er at ein gjer han rein etter bruk og elles leverer han i same stand ein fekk han.

KONTAKTFORELDRE 2004/05

Årssteg		Funksjonstid
1	Nils Bjørn Nilsen	1 år
1	Juliane Nilssen	2 år
2	Annstein Vik	1 år
2	Torny Rossebø	2 år
3	Oddrun Nilssen	1 år
3	Terje Hognaland	2 år
4	Ann Elisabeth Strand	1 år
4	Jan Kristian Jøsang	2 år
5	Arvid Mæland	1 år
5	June Kro	2 år
6	Arild Kjetland	1 år
6	Gerda Knutsen	2 år
7	Svein Ivar Langhelle	1 år
7	Jorunn Schmeichler	2 år
8	Heidi Aksdal	1 år
8	Trond Vatnaland	2 år
9	Elisabeth Øvrebø	1 år
9	Venke G. Våge	2 år
10	Sonja Mikkelsen	1 år
10	Siw Mariann Overå	1 år

FAU 2004/05

Småskulesteget:	Oddrun Nilssen
Mellomsteget:	Svein Ivar Langhelle
Ungdomssteget:	Siw Mariann Overå
1. vara:	Jan Kristian Jøsang
2. vara:	June Kro
Leiar:	Siw Mariann Overå
Sekretær:	Svein Ivar Langhelle

SAMARBEIDSUTVALET 2004/05

Leiar	Svein Ivar Langhelle
Nestleiar	Oddrun Nilssen
	Siw Mariann Overå
	Jan Kristian Jøsang
	June Kro
Frå personalet:	Jan Sollid
	Jorunn Schmeichler
Frå elevane:	Kristiane Larsen Mikkelsen
	Vegar Kvinnesland Øvrebø
Frå kommunen:	Svein Ove Alvestad
	Ingjerd Ellingsen
	Dag Halvorsen

MØTEPLAN FOR SU

SU har sett opp 3 møte i vårhalvåret 2005. Det er kl. 19.00 onsdagane 2. februar, 16. mars og 25. mai.

ELEVINSPEKTØRANE

Våren 2004 gjennomførte dei eldste elevane på skulen "Elevinspektørane".

Elevinspektørane er ei web-basert spørjeundersøking om korleis elevane opplever skulen sin. Undersøkinga er svært detaljert. Formannskapet og dei fleste kontaktforeldra har fått utlevert resultatet av undersøkinga (33 sider).

Generelt kan seiast at Bokn skule på så godt som alle område blir vurdert som betre enn landsgjennomsnittet av våre elevar. Spesielt hyggeleg er svaret på det siste spørsmålet:

Hvor fornøyd er du med skolen du går på?

75% av boknarane har svart "veldig fornøyd", og 19% "ganske fornøyd", til saman 94%.

Tilsvarende tal nasjonalt er 31% og 44%, til saman 75%.

OLWEUS- UNDERSØKINGA

Rett før sommaren 2004 gjennomførte 4. – 10. klasse for andre gong undersøkinga om kor mykje og kva slags mobbing som skjer på skulen. Undersøkinga blei første gong gjennomført i 2003, og skal gjerast på nytt i 2005. På det viset vil ein kunne få eit bilde av utviklinga, og om tiltaka som er gjennomført i OLWEUS- prosjektet har verknad i rett retning.

SU blei i sitt møte 17.11.2004 orientert av rektor om resultatet av undersøkinga i 2004. I følgje rektor gir undersøkinga eit resultat som stemmer ganske bra med det ein veit om elevmiljøet og det som skjer. Det blir etter beste evne jobba med å sikre at dei nye systemtiltaka fungerer, og tatt tak i einskildsaker som dukkar opp.

Skulepersonalet fekk si tilbakemelding i eit fellesmøte nyleg, og SU har bestemt at foreldra skal få ei grundig tilbakemelding på eit seinare foreldremøte.

Utviklinga når det gjeld mobbing synest å vere tilfredsstillande, og situasjonen er ikkje urovekkande når ein ser skulen samla.

Men ting kan alltid bli betre, og ein elev som melder om plaging er ein for mykje.

FORELDREDUGNAD

På møte med kontaktforeldra 1. november ynskte rektor å drøfte med foreldra om det var interesse for å vera med på dugnadsarbeid på uteområdet vårt. Dette var det ei positiv innstilling til og FAU vil kome attende til vidare arbeid med dette.

10. KLASSE PÅ YRKESMESSE

10. klasse skal i skrivande stund- 24.nov.- på yrkesmesse i Håvikhallen saman med rådgjevar Liv Birknes. Dette er starten på ulike besøk og førebuingar til søknaden deira til vidaregåande skular. Rådgjevar har og hatt samtalar med elevane der ein førebur seg på det ein vil møte på messa. Foreldra saman med elevane er og invitert om kvelden og fleire har meldt seg på.

ORDENSREGLANE PUNKT 8 OM SNØBALL-KASTING

Elevane frå 1.-7.klasse var mest åleine på skulen fredag 19.nov. då me hadde den fyrste snødagen. Usteget hadde "Eleven sitt val" og hadde skuledagen litt andre stader. Rektor var rundt i klassane og minna elevane på dei nye ordensreglane og kva dei seier om snøballkasting. Det vart ein fin dag med snø og elevane retta seg etter reglane på ein fin måte. Tre elevar rektor måtte snakke litt med, måtte innrømme at det var "jysla" freistande av og til. Ei jente sa det så fint då me snakka om reglane:

"Det er bra at det ikkje er lov å kaste snøball. Det er dumt å bli truffen og det er så flaut å grine og då er det kanskje nokon som ertar for det – og då er alt dumt."

Me har planar om å setje opp flotte blinkar som kan vere utfordrande og elevane kom med mange gode forslag. Skulen ynskjer og at foreldra minner borna om reglane og kor viktig det er å halde dei.

Eit juleeventyr i Wien

Marie Thuestad

Eg er heilt sjukeleg fan av alt som har med jul å gjere, luktene, pynten, maten, lysa, familien og dei lange dagane rundt eit festpynta julebord er noko eg har gleda meg til i fleire veker. Eg trur eg er arveleg belasta, men dersom det viser seg at eg er arveleg disponibel for å kunne fryde meg litt meir over julestria, julepynting og julevekeene enn det som er gjennomsnittet skal eg klare å leve med det. No har eg imidlertid funne det ultimate "juledopet" for ein som elsker alle dimensjonar ved jula,- førjulstid i Wien, Østerrike.

I byrjinga av juli flytta eg til Wien. Etter mange år som student i Bergen avla eg mine siste eksamenar i juni. Sjølv om det var ei enorm gåve, støtte eg fort på nye utfordringar. Det er ikkje lett å vere ferdig utdanna, med hundrevis av tusen i studielån, rik på kunnskap, men fattig når ein kikkar i lommeboka. Likevel, lysta til å oppleve er stor og då eg fekk tilbod om å arbeide som praktikant i utenriksdepartementet hos den norske ambassaden i Wien i eit halvt år, hausten 2004, var eg aldri i tvil om kva eg skulle gjere.

Wien, lys og julemarknad

Å bu i ein by som Wien i førjulstida er ubeskriveleg vakkert. Bybildet er prega av lys, millionar av lys og "glühwein" (gløgg), litervis av glühwein, som vert servert på kvart eit gatehjørne kor folk samlar seg om varme drikkar på kalde vinterkveldar. Eg som fortsatt ser på meg sjølv som ein turist i byen druknar i inntrykk, og julestemninga, den har eg fått.

Ja, så var det desse lysa, Wien badar for tida i eit hav av dei. Saman med handelsstanden i Wien har



Eit stjerneras lyser opp ei av dei mest populære handlegatene i Wien. I bakgrunnen kan ein såvidt skimte kuppelen til ein del av keisarpalasset. Denne delen av palasset husar no den verdskjente spanske rideskulen.

bystyret skaffa til vege 300 000 Euro (ca. 2,5 millionar kr.), som dei har brukt på å kle Wien i sin finaste julestas. Kanskje er det litt overdådig, men

Wien er overdådig på mange måtar og då vert kombinasjonen til ein eventyraktig juleby.

Og midt i lyset og glitteret samlast wienerane på julemarknad rundt om i heile byen for å drikke glühwein, for når me nordmenn på denne tida samlast i våre varme stuer samlast wienerane ute i vinterkulda. Østerrikarane har som tyskarane lange tradisjonar med å arrangera julemarknad i førjulstida og eit besøk på eit av desse får våre norske juletradisjonar til å fortone seg som den reinaste slankuren. Fyrste kvelden eg besøkte ein julemarknad i



Sjølv om det er minusgrader ute samlast folk utanfor slike boder kor det vert servert varm julepunsj og glühwein.

nabolaget kom eg heim med punsj og gløgg, "crepès" (ei fransk pannekake) med sjokolade og banan, heimelaga karamellar og tørka frukt i magen.

Mat og drikke er med andre ord ein viktig del av ein julemarknad og den siste ingrediensen er sjølv sagt potensielle julegåver og pynt til heimen. Julemarknader kan ha alle mulige tema frå det heilt kommersielle der ein risikerer å finne "Made in Taiwan" under nissefoten til dei mindre og langt finare marknadene, som til dømes samlar kunsthåndverkarar og deira arbeid. Med varm drikke i handa går ein frå bod til bod og let seg imponere over arbeidet til mellom anna smykkekunstnarar, keramikarar, målarar og glaskunstnarar. Oftast er det og nokre som syng og underheld gjestene og etter nokre glühwein stemmer dei fleste i under ein mørk og kald nattehimmel.

Europas største adventskrans og eit stykke trøffelkake

Innimellom må ein jo og besøke dei store handlegatene, julegåvene er nok ikkje heimelaga i år heller. Og der, midt i gågata i Wien står han, eit monster av ein krans, dei lilla adventslysa måler kvar over to meter, men sjølv om han er eit monster er han rett og slett "monsterflott". Wien har altså Europas største adventskrans, den er litt av eit syn og det er



Den flotte adventskransen, som står midt i gågata i Wien, har vorte ein turistattraksjon.

ikkje få gonger eg har stoppa opp og undra meg over han eller ho som ein dag sa til medarbeidarane sine på jobb "veit de, eg syns at Wien burde lage Europas største adventskrans og sette han midt i gågata!". Nokre tenkte sikkert at denne idèen var toppen av idioti, men med tanke på resultatet har eg har ei kjensle av at han eller ho får ei ekstra fin firmagåve i år...

Kaffe og kake er og ein del av Wien og i førjulstida er det knapt mogleg å gå forbi dei mange sagnomsuste kafèane uten å la seg bergta av juleutstillingane. Her er det ikkje berre sachertorte og mozartkuler ein kan meske seg med. Fantastiske sjokoladeskulpturar, gigantiske (minst 6-lag er eg overtydd om) kaker og makroner står der som imponerende spiselege kunst-



Vindaugs- og juleutstillinga til Café Demel midt i Wien by er eit syn. Kondi-toriet konkurrerer med Hotel Sacher om kven det var av dei to som fann opp den berømte sjokoladekaka "Sachertorte".

verk på nypussa sølvfat og rød fløyel. Café Central midt i byen er jentene sin favoritt og den spiselege favoritten er trøffelkake med 4 lag trøffelkrem dekket av eit mørkt sjokoladelokk og mandelflak. Etter ein lang dag i julegatene, kor ein har tatt mange vanskelege julegåvebeslutningar er alle sorger gløymde ved fyrste "trøffelkakegaffel".

Mi julehelsing går mot slutten, no skal eg pakke veska og forlate arbeidsplassen for dagen. Ute er det mørkt, men om eit par timar skal eg ut på eit nytt juleeventyr i Wien. Statsoperaen viser i kveld Tschai-kowski's eventyr- og juleballett "Nøtteknekkeren". Ei julereise i prinsar og prinsesser si juleverd på ein desemberkveld i Wien trur eg blir ei storslagen oppleving og har eg ikkje nok julestemning i blodet no har eg det heilt sikkert kl. 22.00 i kveld...

Eg ynskjer dykk alle på Bokn ei fredeleg og fin julefeiring!

Julehelsingar frå Wien

JULEDAGEN

Dagen blir oftast kalt første juledag. Folk holdt seg hjemme, annet ble regnet som brudd på julefreden. Frem til langt utpå 1900-tallet var det bare kirkeferd som var "tillatt" denne dagen.

På gårdene var det vanlig at man tok med seg de nedbrente julelysene inn i fjøset og tegnet eller svidde kors på kyrne for å gi dem ekstra vern i denne spesielle juletiden. Den som kom først til fjøset denne morgenen, måtte jage bort tusser og annet underjordisk som hadde herjet utenfor hele natten, og ofte hadde man egne regler for slikt, for eksempel denne:

*Gå vekk me' tussan
din stygge fussan.
Vekk på timen,
Dø får tå limen.
Gå i jord i år som i fjor!*

Både hest og kyr fikk noe ekstra godt å spise, og det hendte rett som det var at hesten fikk en ølskvett eller en dram i tillegg. Det fikk også folkene på gården, som ofte ble vekket opp av mannen eller husmoren som serverte dem frokost på sengen. Mange steder, der man hadde ligget i halm hele natten, lette man etter korn når halmen var båret ut og tok varsel av det: Fine, fete korn varselt om et godt år, og motsatt. Noen steder betydde det også lykke å finne det første kornet.

I Nord-Norge var det vanlig å fylle et fat med sjøvann julaften, som de satte tildekket under bordet eller på en hylle. Rundt kanten på fatet skrev de navnene på de viktigste fiskeværene, og ingen måtte se fatet før neste dag. Den første som våknet juledagen, skulle ikke snakke med noen, men måtte gå stille bort til fatet, som i løpet av natten hadde fått luftblærer på bunnen og rundt kanten. Der blærene sto tettest, ville det bli best fiske, og på den måten skaffet man seg varsel om lofotfisket, sildefisket og torskefisket.

Etter kirkeferden spilte barna spill og lekte, og de voksne holdt på med huslige gjøremål - vel og merke slike som var akseptert, for selv om juledagen var fattig på tradisjoner, var reglene klare: Ingen skulle for eksempel gjøre noe husarbeid eller vaske opp denne dagen. Også juledagskvelden var skummel, og mange undersøkte vernekorsene og stålet for å være sikre på at de var like gode.

Etter hvert forandret skikkene på juledagen seg. Den store oppslutningen om høymessen er i økenede grad lagt til julaften, og første juledag er blitt en dag for sammenkomster i familien, der besteforeldre som regel inviterer barn, barnebarn og den nærmeste familie til julemiddag. For ungdommen har denne kvelden overtatt "annendagens" rolle som en av julens største festdager, og det fleste restauranter og nattklubber holder åpent.

Frå boka: "NORSK JUL" av Birger Sivertsen

Formannskapet

Retting til formannskapsvedtak i møte 26.10.04 i sak 125/04. (skal være sal av og ikkje utleige av)

125/04 SAL AV NÆRINGSAREAL.

Formannskapet sitt vedtak

Formannskapet vedtok å **selge** ut 4 mål næringstomt i Knarholmen industriområdet til Johannes Handeland.

Møte 30.11.04

Sak nr. 128/04 Ny avdeling ved Bokn skule.

Formannskapet vedtok: Det blei vedtatt kortsiktig løysing på skulen sitt behov for tilleggslokaler og rådmannen blei bedt om å legge fram ei sak om forslag til permanent løysing til lokaler for formannskapet.

Sak nr. 129/04 Nye reglar for klasseturar.

Formannskapet vedtok: Nye reglar for klasseturar blei samrøystes vedtatt.

Sak nr. 130/04 Prinsippsak – kjøp av kommunal eigedom.

Formannskapet vedtok: Formannskapet ønskja ein oversikt over kommunale eigedommar for vurdering av eventuelt sal. Sakl kommunen selja eigedom, skal dette kunngjerast i aviser for almenheiten.

Kommunestyret

Møte 14.12.04

Sak nr. 86/04 Vidareføring av avdeling for miljøretta helsevern.

Kommunestyret vedtok: 1.Bokn kommunestyre er enig i at Haugaland Miljøretta helsevern (HMH) organiseres som eget interkommunalt samarbeid (IS) etter § 27 i Kommuneloven. Bokn kommune går inn som medlem i HMH.

2. Bokn kommunestyre vedtar forslag til vedtekter

slik de er presenterte i vedlegg til saken.

3. Haugaland Miljøretta Helsevern IS stiftes uten opphold så snart aktuelle medlemskommunar har fatta de nødvendige vedtak.

4. Tilsatt i eksisterende avdeling for miljøretta helsevern overføres til det nye selskapet i henhold til Arbeidsmiljølovens § 73a. Dette omfatter 1 stilling. Det forutsettes at ansattes pensjonsrettigheter videreføres. Haugesund kommune er vertskommune for HMH og har arbeidsgiveransvar for de ansatte.

5. Bokn kommunes andel av utgiftene til drift av HMH er innarbeidet i budsjettet for 2005.

Sak nr.: 087/04 Laboratoriedelen i nærings-tilsynet.

Kommunestyret vedtok:

1. Kommunestyret i Bokn går inn for at laboratoriet ved det tidligere Næringsmiddeltilsynet Haugaland avvikles.

2. Kommunestyret går videre inn for at det opprettes et AS der Petrotech har ein eierandel på minimum 91 % og der kommunene går inn med en mindre andel og Helse Fonna, Høgskolen Stord/Haugesund og næringslivet ellers inviteres med. Kommunene bidrar med utstyr og ansatte.

3. Eventuelle konstnader som påløper på grunn av avviklingen fordeles mellom alle eierkommunene og holdes på et så lavt nivå som mulig.

Sak nr.: 088/04 Søknad om konsesjon til kjøp av del av gnr. 9, bnr. 35 i Bokn kommune.

Kommunestyret vedtok: Kommunestyret i Bokn gir Kjell B. Hveding konsesjon til kjøp av gnr. 9, bnr. 35 som omsøkt.

Sak nr.. 089/04 Lauplandsvågen – reguleringsplan.

Kommunestyret vedtok: Forvaltningsstyret si innstilling blei samrøystes vedtatt.

Sak nr. 090/04: Budsjett og Økonomiplan 2005 – 2008.

Pga. storleiken på vedtaket blir saka førebels lagt ut på www.bygdabladet.no, og kjem i neste papirutgave.

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy

51 72 31 33

900 16 817

Båthavn i Hålandsjøen

Vi ser nå en unik mulighet til å få ferdigstilt den nye småbåthavna i Hålandsjøen.

For å få dette til må vi vite hvem som vil ha båtplass. De plassene som ikke blir solgt lokalt, vil bli lagt ut for salg utenfor kommunen.

Innskudd for båtplass blir på linje med andre båthavner, 20-25.000,- for en stor turboat, men med **full tilbakebetaling ved salg**. Da tilgangen på masse er svært tidsbegrenset, må vi ha raskt svar.

Tilbakemelding senest 31.12.04.

Kontakt: Arild Ognøy 98221507
91576221
Jan Inge Eide 48180623
Trond Vatnaland 90694350
Torvald Øvrebø 95228635

Bokn båtforening



Tlf: 52 76 50 50
Fax: 52 76 50 51

MILJØVERK IKS

JULEGÅVE?

Ikkje gje avfall, gje noko som kan etast eller arvast.

BOKN

ETNE

TYSVÆR

VINDAFJORD

ØLEN

TA VARE PÅ NATUREN

Bokn Røde Kors Hjelpekorps ønsker alle en riktig god jul og et godt nytt år!

Tusen takk til alle som har støttet oss i året som gikk!

Hva med å gi førstehjelpsutstyr til jul?

Bokn Røde Kors Hjelpekorps selger følgende praktiske julegaver:

- **Hard/myk liten førstehjelpskoffert kr. 300,-**
 - førstehjelpshefte
 - saks
 - pinsett
 - sikkerhetsnåler
 - sårvaskservietter
 - øyebadeglass
 - saltvannssoppløsning 30 ml
 - engangshansker
 - munn-til-munn duk
 - platerpakke
 - små kompresser
 - smalt gasbind
 - fingerbandasje
 - liten enkelmannspakke

Disse små førstehjelpskoffertene kom på andre plass i test hos TV hjelper deg.

Til sammenligning kan du kjøpe nesten tilsvarende på apotek, men da koster den kr. 550,-



- **Liten førstehjelpspose kr. 100,-**
Inneholder diverse førstehjelpsutstyr
- **Nøkkelringer med munn-til-munn duk kr. 30,- pr stk**


Interessert? Kontakt Susanne Pyramidia Grønnestad på tlf. 90 52 96 93

Mandag til torsdag
09.00 - 17.00
Tlf. 52 74 83 16


COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00
Lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked



BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848


- Me utfører alt innen graving og transport.
 - Me formidler baring og skyting.
 - Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
 - Levering av rør og kummer.
- dumperbiler.


VELKOMMEN TIL EIN GOD OG
HYGGELIG HANDEL I ALVESTADKROKEN

NORSK TIPPING
DAGLIGVARER
BENSIN OG DIESEL
BANKTERMINAL

ALVESTAD HANDEL AS
ALVESTADKROKEN
5561 BOKN
TLF: 52 74 83 14

Nær
Butikken





Barne- og ungdomsforsikring

Blir barnet ditt langvarig og alvorlig sykt, kan dette innebære store økonomiske konsekvenser både for barnet og de foresatte.

For bare kr 102,- pr. måned er barnet ditt forsikret ved både sykdom og ulykke.

Ta kontakt med oss i dag på telefon 02002 for mer informasjon om våre personforsikringer eller stikk innom oss i Bokn.

Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank

Litt om brannssikkerhet i julestria og bruk av fyrverkeri

Hans Faye

De fleste fikk sikkert med seg at 1. desember var "røykvarslerens dag" da alle husstander ble oppfordret til å skifte batteri og teste at røykvarsleren fungerer.

Skulle du ha glemt det, så gjør det NÅ!

Desember er årets mest brannfarlige måned og mellom jul og nyttår er det tre ganger flere branner enn en gjennomsnittlig uke ellers i året. Kombinasjonen av levende lys og brannfarlige juledekorasjoner er en hyppig årsak til mange av brannene.

Til tross for at vi kjenner til brannfaren lar vi oss friste. Stearinlyset skal jo bare brenne en liten stund og tenker at det er hos andre det kan oppstå brann....

Kanskje kan det fine lyset tennes på siden av dekorasjonen? Jeg bare spør.

Brann i smultgryta er heller ikke uvanlig. **Hvis smultet begynner å brenne må du ikke bruke vann til slokking!** Brannen blir da større. Ha grytelokket i nærheten og legg dette på!

Fyrverkeri

Myndighetene arbeider med forebyggende tiltak for

sikrere bruk av fyrverkeri.

Ved nyttårsfeiringen 2003 var det en kraftig økning i antall skadde som følge av uvetting bruk av fyrverkeri. Spesielt er risikoen stor for øyeskader.

Forhandlerne vil bli pålagt i større grad å ta sikkerheten på alvor, men det hjelper lite hvis brukerne ikke bryr seg om bestemmelsene.

Jeg minner blant annet om 18-års grensen for bruk av fyrverkeri. Det er neppe noen overraskelse å si at mange ikke er så nøye med alder for fyrverkeridebuten, og at det er et guttefenomen å leike med fyrverkeri både før nyttårsaften og før 18-års alderen er nådd.

Min oppfordring er at foresatte bør sjekke nøyere ut om "poden" har en rakettbase i hagen.

Ikke alle er like begeistret for smell rundt husveggen før nyttårsaften heller.

Det gjelder også for dyr og spesielt hunder kan bli svært redde.

Spar på kruttet til nyttårsaften!

Ønsker alle en god jul og flott nyttårsfeiring uten brann og skader.

Hilsen brannsjefen



**Biblioteket er stengt
t.o.m. 3. januar**

**Helsestasjonen er stengt julaften og nyttårsaften. I romjula bemanna tirsdag 28.12.
God jul og godt nyttår! Rita**

FRIVILLIGE MANNSKAPER TIL BRANNVESENET

Det er ledig 1 stilling som frivillig mannskap i Bokn brann-og redningsvesen.

Søker må ha førerkort (klasse c vil være en fordel) og være i god fysisk form. Den som blir tilsatt må være villig til å gjennomgå nødvendig opplæring (minimum et brevkurs, røykdykking og førstehjelp).

Tjenesten omfatter 8-10 øvelser/utrykninger pr. år. I tillegg er mannskapene forpliktet til å bære person-søker døgnet rundt når en oppholder seg i kommunen. Det er ikke innført vaktordning.

Tilsetningsvilkår vil ellers være i henhold til gjeldende avtaleverk og at består en helsesjekk for brannmannskaper.

Fast godtgjørelse utgjør for tida kr. 9000,- pr. år. I tillegg blir det betalt for deltakelse på øvelser og utrykninger.

Spørsmål kan rettes til brannsjefen på telefon 52 75 25 05

Søknad må være sendt Bokn kommune innen den 15.01.2005.

NYBEGYNNARKURS I SENIORDANS



Me startar på ny kurs i seniordans.

Er du rundt 60 år og oppover og har lyst å røre litt på deg? Det kan du få til ved å gå på kurs i seniordans.

Nybegynnarkurs startar onsdag den 12. Januar kl. 18.00—19.30, og vil gå ca. 10 gonger på same tid og stad som er Allrommet på Boknatun.

Seniordans er ei danseform der det blir brukt norske og internasjonale dansar som er forenkla og tilrettelagde for folk i pensjonsalderen. Musikken er både folkemelodiar og moderne rytmer.

Seniordans har ein utprega sosial profil, og er utforma på ein måte som gjer at han passar godt for folk som er litt opp i åra. Alle kan delta i dansen, og du kan gjerne koma aleine.

Julianne Nilssen og Reidar Alvestad instruerar.



BLANDAKOR/DAMEKOR

Det er usikkert om det blir kor. Slik det ligg an no er det ikkje grunnlag for blandakor, men damekor.

Du kan fortsatt melda interessa di til kulturkontoret.

Dei påmelde vil bli kontakta.

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 09.00 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte andre dagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79

Direkte nr. på tysdagar: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150

Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Kvar torsdag frå kl. 10.00 - 14.00.

Er du over 70 år og har lyst til å komma og vera i
lag med oss?

Nye 70 åringar er spesielt velkomne.

Påmelding, ring 52 74 83 09

**Julianne Nilssen
aktivitør**

BOKN BYGDABLAD



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for
innlevering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis
for borteboande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 620,-

Halvsida kr. 380,-

Kvartside kr. 190,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 40,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

Vi kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler ekskl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.

E-post: postmottak@bokn.kommune.no

**Gro A. Sørensen
Seksjonssjef servicetorg**

Stort forsidebilde

Luciafest 12. desember

Foto: Jardar Havikbotn




Ung danseglede

Tekst: Jardar Havikbotn
Foto: JH, Gro Sørensen & Arvid Mæland

11 danseglade boknarar er med i dansemiljøet på Sjonar.

Benedicte O. Mæland og Roar K. Medhaug er to av desse, og kanskje dei som trenar mest. I alle fall fekk dei ein flott 11. Plass i NM på Rica Maritim Hotel i Haugesund 20. november, og det berre etter å ha dansa saman som konkurransepar sidan mai i år.

Grunnlaget fekk dei då primus motor Wendy Riber hadde kurs i Dans & Drama i Bokn musikk- og kulturskule frå januar til mai. 5. klassingane trenar fast på Sjonar to dagar i veka i tillegg til eigen-trening heime.



I AKSJON: Benedicte O. Mæland og Roar K. Medhaug under årets NM på Rica Maritim Hotel i Haugesund.

- På tirsdagane er det fleire par på golvet samtidig i ein time, mens me får ein halvtime med spesialundervisning med Wendy på torsdagane, fortel Benedicte, som også trenar tre dagar a ca. 15 minutt heime pr. veke, etter ein CD som dei har fått av danselæraren.

Ho får også tid til barnekor, skulekorps, speidar,



DANSEGLADE: 5. Klassingane deltar gjerne i NM neste år også.

pianospeling i Musikk- og kulturskulen i tillegg til lekser.

Ingen problem med å fylla fritida si har heller ikkje Roar, som har fotball og speidar på fritidsrepertoaret sitt. Han seier at han ikkje er så flink til å trena heime som Benedicte, men øvar seg gjer han.

Dei danseglade 10 åringane har trass ung alder på kort tid vore med på ein del oppvisningar i distriktet. Siste gong var på Falkeid idrettslag si julemesse 4. desember.



OPPVISNING: Linn Sørvåg & Jone Våga

Jone Våga, Sofie Rossebø & Fredrik Olaussen og Kaj Raymond Mikkelsen. Sistnemnde dansar med Miriam Kvinnesland.

Me ser fram til å sjå dykk til neste år og ynskjer lukke til vidare.

I NM dansa dei Quickstep, Cha cha cha, Samba og vals (engelsk). Benedicte likar også godt å dansa Jive, men denne høyrer ikkje til i deira klasse i ein konkurranse. - Eg har fått sansen for vals nå etter at eg fekk han til, skyt Roar inn. Dei likar svært godt å dansa og vil sjølvsagt vera med i NM neste år også dersom dei får lov.

Dei andre danseløvene frå Bokn er Amalie Våga & Vilhelm Våge, Tonje K. Medhaug & Ruben Våga, Linn Sørvåg og